



Saksframlegg

Budsjett 2026 og økonomiplan 2027 - 2029

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		
Arbeidsmiljøutvalet		
Administrasjonsutvalet		
Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne		
Ungdomsrådet		
Hovudutvalet for plan og miljø		
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Vedlegg

- 1 Økonomiplan 2027 - 2029 og årsbudsjett 2026

Bakgrunn for saka:

Etter kommunelovens femte del §14 – skal kommunestyret kvart år gjere vedtak om økonomiplan og årsbudsjett.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.

Budsjett for 2026 er ei vidareføring av rammene for 2025 med små justeringar.

Når det blir teke ei endeleg avgjerd om etablering av datasenter vil dette ha stor påverknad på kommunal drift, noko som ikkje er teke med i denne økonomiplanen.

Når avgjerda kjem og arbeidet med bygging av datasenter startar må ein ta budsjett og økonomiplan opp til revidering.

I framlegg til statsbudsjett for 2026 er det lagt inn vekst i frie inntekter til Fyresdal som dekker løns- og prisvekst. Dette er lagt ut i rammene til sektorane.

I tillegg så er det lagt inn full kompensasjon for redusert foreldrebetaling i barnehage – for Fyresdal utgjør dette om lag 450 000 kroner. Ramma til sektor kultur og oppvekst er justert tilsvarende .

I februar 2025 vart rammene til sektorane oppjustera med fem millionar kroner som vart dekt av kraftverksinntekter. Denne oppjusteringa er vidareført i 2026 med noko justering mellom sektorane.

Det er lagt inn midlar til omstilling, både i sektor kultur og oppvekst og helse og omsorg. Med endringar i brukargrupper og utviklinga i teknologiske hjelpemidlar krev det at vi omstiller drifta slik at ein kan oppretthalde det gode tenestetilbodet ein har i dag.

Det er lagt inn midlar til å arbeide med å miljøfyrtårnsertifisere resten av avdelingane i kommunen. Administrasjonen vert sertifisert i løpet av hausten 2025.

Tilskot til Soknerådet er også løns- og prisjustera og utgjer totalt kr 2 803 000,-, inkludera tenesteavtala med kommunen.

I økonomiplanen er det tenkt ei vidareføring av dagens drift utan endringar. Dette er nok ikkje realistisk dersom det vert etablering av datasenter. Når ein veit meir om når bygging startar og konsekvensar for kommunal drift og lokalsamfunn må ein ta økonomiplanen opp til ny handsaming.

Investeringar i økonomiplanperioden:

Hovudfokus vil vere oppføring av nye bueiningar for utleige i sentrumsnære områder. Her er det lagt opp til å bruke både eigne midlar og lånefinansiering men der husleigenivået skal dette framtidige driftskostnader.

Det er også sett av midlar til digitaliseringstiltak kvart år framover – dette er eit kontinuerleg fokus der utviklinga går fort og som kan vere med å drive fram omstilling i sektorane.

Ferdigstilling av oppgraderinga av kommunale vegar og innkjøp av bilar til heimetenesta er også lagt inn i 2026.

Investeringar ein ser føre seg i økonomiplanperioden er lagt inn utan beløp då dei ikkje er prosjektera ennå og ein kan ikkje sei noko om kostnaden på det enkelte prosjekt

Konklusjon:

Dei økonomiske rammene for sektorane har blitt justera i samsvar med løns- og prisvekst samt noko justeringar etter vedtak som er gjort i løpet av 2025.

Det er også vidareført å bruke fem millionar frå kraftverksinntekter inn i ordinær drift, slik det vart vedteke i februar 2025. Dette i påvente av ei investeringsbeslutning om etablering av datasenter.

I økonomiplanperioden vil ei slik etablering få store konsekvensar og økonomiplanen må takast opp til revidering.

Innstilling frå formannskapet:

Årsbudsjett 2026 og Økonomiplan 2027 – 2029 for Fyresdal kommune vert vedteke slik det ligg føre.

Nettorammer for sektorane vert som fylgjer:

Sektor:	Nettoramme:
Stab og økonomi	25 843 000
Helse og omsorg	57 836 000
Kultur og oppvekst	46 079 000
Plan og teknikk	20 452 000
Finans	-150 210 000

Måltal for økonomiplanperioden:

- Det skal vere eit netto driftsresultat på minimum 4%
- Lånebelastninga på driftsbudsjettet skal ikkje auke

- Disposisjonsfondet skal minst vere på 10% av driftsinntektene.

Det skal vere 100 % inndekning på sjølvkostområda vatn, kloakk, slam, renovasjon og feiing.

Låneopptak i 2026:

Kr 5 000 000,- i opptak av startlån frå Husbanken til vidareutlån

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Kjersti Bergland
	økonomi og stabssjef